

# FUSA KYRKJEBLAD

Nr. 4

Desember 2024

Årgang 90 år



Fusa-kalenderen  
2025  
S.3



Sokneprest Anette-  
Emilies veg til Fusa  
S.4-7



Hålandsdalsspelet  
og Kikedalsbonden  
S.8



Kva type grav skal  
eg velje?  
S.10-13



Julekonsertar  
S.16-18

## FUSA sokn Fusa kyrkjekontor

FJORD'N SENTER 2. HØGDA  
Postboks 73, 5649 Eikelandssosen  
Tlf. 56 58 01 81  
E-post: [post.fusa@kyrkja.no](mailto:post.fusa@kyrkja.no)

### Kontortid

Mandag - fredag kl.09.00-14.00  
Prest og organist har fridag måndag.

### Sokneprest

Anette-Emilie Gangstø 45 28 02 78

### Assisterande kyrkjevevje

Hans Einar Markhus 95 93 65 80

### Trusopplæring

Gry Jeanette Mjelde 93 49 62 26

Hildegunn Myrliid Eide 97 65 01 55

### Konsulent

Ingebjørg Sundfjord Gjøen 97 71 17 23

### Kantor

Iman de Zwarte 95 03 93 33

### Soknerådsleiar

Sigbjørn Sundfjord 97 65 00 93

### Fusa frivilligsentral

56 58 01 14

### Kyrkjetenarar

#### FUSA KYRKJE

Rianne de Zwarte 46 68 03 96

#### STRANDVIK KYRKJE

Rianne de Zwarte 46 68 03 96

#### HÅLANDSDAL KYRKJE

Terje Rød 48 25 56 46

#### SUNDEVOR KYRKJE

Øyvind Nordbø 48 30 52 59

#### SÆVAREID KAPELL

Terje Rød 48 25 56 46

**Gåver til kyrkjelydsarbeidet  
kan sendast Fusa sokneråd,  
bankgiro: 3530 25 86215  
eller VIPPS #90436**

#### FUSA KYRKJEBLAD

Postboks 73, 5649 Eikelandssosen

#### Ansvarleg utgjevar:

Fusa sokneråd

#### Konto for kyrkjebladet:

3530 25 86215

VIPPS #90436 legg til kategori:

Fusa kyrkjeblad

**Bladpengar er kr. 250,- pr. år**

**Utanbygds kr. 350,- pr. år**

#### Framsida:

Foto: Bo Mathisen/Den norske kyrkja.

#### REDAKSJONEN:

Hans Einar Markhus [hm629@kyrkja.no](mailto:hm629@kyrkja.no)  
Toril Hjartåker Hauge [torilhjh@gmail.com](mailto:torilhjh@gmail.com)

## «Immanuel – Gud med oss»

Kjære sambygdingar.

Gud sin fred være med dykk i, og gjennom denne julehøgtida.

Kvar jul lyttar vi til dei velkjende orda frå Juleevangeliet gjennom Lukas sine ord. «det gjekk ut eit bod frå keisar Augustus...» og så høyrer vi om englebesøket, om Maria og Josef og det vesle, nyfødde barnet i krybba. Vi møter hyrdane og englane. Men ikkje alle evangelistane i det nye testamentet fortel om Jesu fødsel slik. Matteus møter Jula sitt mysterium på ein annan måte.

Han nemner ikkje vandringa til Betlehem, dei fullbooka herberga, hyrdane, englesongen og krybba. Han ser i staden for bakover, til ein over 600 år gamal profeti av profeten Jesaja. Der finn han årsaka til og poenget med julefortellinga. Han skriv:

*«Ho skal få ein son, og du skal kalla han Jesus, for han skal frelsa folket sitt frå syndene deira.» Alt dette hende så det skulle oppfyllest, det Herren har tala gjennom profeten: Sjå, møya skal verta med barn og føda ein son, og han skal kallast Immanuel – det tyder: Gud med oss...»*

Jula si sterke historie om Gud som vart menneske, er ikkje ei søt historie om eit lite barn, men ei forteljing der Gud viser oss at han er med oss i alle livet sine fasar, utfordringar, gleder og sorger. Han er den Gud som er med oss gjennom livet. Ikkje ein som går frå oss, eller sviktar når det gjeld. Han er verken ute etter oss eller imot oss. Han er Immanuel – Gud med oss. Det er namnet hans – som viser oss kven han er. Ein Gud som elsker oss, som frelser oss og vil gå med oss i våre kvardagsliv. Når vi mislukkast, og når vi lukkast. For ein god Gud vi har! Han er med oss også i motgang. Derfor vart han fødd som ein av oss.

Det er også tankevekkjande at alt dette skjedde i den del av verda som så mange av oss vender augo mot. Og då med fortvilning og forferding over konflikten mellom Israel og Gaza. Den har pågått for lenge, og vi ser ufattelege lidningar på begge sider. Midt i dette er Gud framleis Immanuel - den Gud som vil gå med oss. Han ser til kvart einaste menneske som lid uavhengig av kven dei er, kvar dei er, kva alder eller tru dei har. Gud er medlidande.

Eg vart gjort merksam på at uttrykket «Gud med oss» ikkje berre vekkjer gode minne. For dei få mellom oss som framleis hugsar 2. verdskrig, så vart orda «Gud med oss» tatt i bruk av nazistane som gjorde hevd på at Gud var med dei i det dei gjorde. Uttrykket stod på beltespennene til den tyske hæren. Slikt må vi ikkje gjera igjen. Å bruka Guds namn for å forsvara det som er imot hans vilje. Tvert imot, «Gud med oss» må få oss til å sjå kvarandre som med-menneske.

Det er jo dette vi eigentleg feirar i jula. Gud vart menneske midt mellom oss og er den som går med oss. Då kan vi heller sjå kvarandre og strekkja ut våre hender til våre medmenneske slik Jesus gjer til oss alle.

Evangelisten Matteus avsluttar sitt evangeliet, ikkje med profeten sitt ord om namnet til det vesle barnet i krybba, Immanuel, men no med den vaksne Jesus sine eigne ord til sine etterføljarar.

«Og sjå, eg er med dykk alle dagar så lenge verda står.»

Velsigna julehøgtid.

Anette-Emilie Gangstø  
Sokneprest Fusa sokn



Sokneprest  
Anette-Emilie Gangstø







# Jul i Bruktbuo

Det har vore mange frivillige i aksjon på Bruktbuo. Ta ein tur innom. Her er det julestemning! Alt frå moderne til nostalgisk julepynt. Hos oss kan du også få julehandelen unnagjort. Det er fleire som i år ynskjer seg gåve frå bruktbuotikk. Fin miljømessig gevinst. Skattane er mange! Det er gåvekort, etiopisk kaffi, heimastrikka sokkar/vottar og fine handlenett.

*Smart for lommeboka – godt for miljøet!*



## Open kyrkje i Strandvik – våren 2025 med variasjon av musikk, lystenning og stille.

- 21. januar
- 18. februar
- 18. mars
- 15. april
- 20. mai
- 17. juni

**Alle kveldar  
kl.19-20.  
Velkomen!**



## Fusakalenderen 2025

er komen for sal! Tema denne gongen er «Fusa midt på dagen». Motivet er Gjønakvitingen (Hålandsdalen) sett frå Hammarlandsvegen ein flott vårdag. Biletet er teke av **Svanhild Håland Riise** – Gratulerer til ho! Ho får heider, ære og 3000,- kr. for sigeren i fotokonkurransen. Det var mange flotte bidrag i år òg. Takk til alle innsendarar for bidraga og til juryen for godt arbeid!

Konfirmantane har allereie hatt ein runde på husa i alle bygdene for å tilby kalenderen. Dersom du ikkje har fått kjøpt, er det mogleg å gjera det på kyrkjekontoret i Eikelandsosen, i alle kyrkjene våre og på enkelte butikkar i tida framover. Prisen er i år som i fjor 150 kroner.

**Inntekta av kalendersalet går til Fusa sokn sitt barne- og ungdomsarbeid.**



## Anette-Emilie Gangstø er ny sokneprest i Fusa

# La alle kjenna Jesu kjærleik



Foto: Mercy ship 2004.

**- Etter at det var kjent at eg skulle bli den nye soknepresten i Fusa, kom mange bort til meg og sa dei var glade for at det var «ein av oss» som skulle ha tenesta. Det gjorde meg rørt og takknemleg, for det betyr at folk opplever at eg høyrer til her. Eg stortrivest med å vera prest på den staden der eg bur. Ein hyrde skal vandra saman med flokken sin.**

*Tekst: Toril Hjartåker Hauge*

Dette er Anette-Emilie sine tankar i starten av tida si som sokneprest i Fusa. I. september i år starta det virket.

### Kallet

Seks år gammal fekk Anette-Emilie kallet. - Eg sat på golvet på kontoret til bestefar min i Drammen. Han var forstandar i ein pinsemenighet der. Eg likte meg på kontoret hans, sat og leikte mens han bad og førebudde seg. Alt var fredeleg og godt. På veggen hang eit slangeskinn og ein merkverdig hatt med mange ulike ting festa i seg, og med mange signaturar på. Eg spurde bestefar kva det var for noko, desse framande tinga, og han sa

»

*Oj? tenkte seks-åringen Anette-Emilie.  
Er det verkeleg nokon som ikkje har  
høyrst om Jesus?*

han hadde fått dei med seg frå Afrika der han hadde vore misjonær. Eg visste ikkje kva misjonær var, så han forklarte at «Det er så mange folk i Afrika som ikkje har høyrst om Jesus og at han er glad i dei, så då fortalde eg dei om Jesus.»

Bestefaren gjekk ut av kontoret, inn på kjøkenet. Barnebarnet vart sitjande på golvet og undrast: Ikkje alle som visste at Jesus var glad i dei? Ho vart djupt rørt i hjarta sitt av dette, og lei seg over at ikkje alle kjente Jesus enno. Den dagen vart ein eld tent i hjarta hennar om å fortelja andre om Jesus som ho var så glad i.

Det kallet vart verande gjennom heile oppveksten i Kristiansand.

Ho utdanna seg til barnepleiar og sosionom, og etter arbeidserfaring både på mødreheim, i barnevern, i barnhage, grunnskule og høgskule, reiste ho ut som misjonær i det karibiske hav. Skipet var Caribbean Mercy ship som gav medisinsk hjelp til folk i området, hovudsakleg innan tannpleie og augeoperasjonar. Anette-Emilie underviste barna til dei tilsette på skipet og deltok i arbeidet med lokale kyrkjelydar der skipet låg i hamn. Det arbeidet dreidde seg ikkje berre om ord om kjærleik. - Ein gong var me med på å byggja opp att ein veg som hadde blitt øydelagt av flaum, minnest ho.

Etter eit havari måtte skipet gjennomgå så store reparasjonar at det vart sett ut av drift. Anette-Emilie gjekk i land og tok imot eit vikariat som diakon i Skjold i Bergen. – Eg oppdaga at det ikkje berre var ute i verda folk var uvitande om Jesu kjærleik. Kvifor ikkje vera misjonær i mitt eige land? tenkte eg. Folk som blei kjent med meg, kommenterte at «Du har jo gjort alt mogleg - unntatt å forkynna, det som du synest er så gøy.» Ja, det stemmer det, innrømte eg, så eg tok steget og bestemte meg for å bli prest. Det kjendest naturleg å jobba i Den norske kyrkja, og dørene opna seg for meg.

– Det tverrkyrkjelege har prega meg sidan eg var barn. Eg er det same kristne mennesket i alle trussamfunn eg har vore knytt til: pinserørsla, Den norske kyrkja, Frelsesarméen, frie evangeliske, Ungdom i Oppdrag (Youth With a Mission) og fleire. Undervegs har eg hatt ein åndeleg ryddeprosess og tatt med meg vidare det som er bra, men kjernen er urokkeleg. No når det synest å bli færre og færre kristne i vår del av verda, er trua vår sårbar. Då er det godt å stå saman i kjernen og ha tverrkyrkjelege band. Dei mange trussamfunna er som



familiar i ei bygd, tenkjer eg. Me har ulik veremåte, ulike uttrykk, ulike samansetningar men er like fullt familiar, alle saman.

Vegen til prestatittelen gjekk gjennom diakoni. Samstundes som ho studerte teologiske enkeltemne, tok Anette-Emilie master i diakoni og passa på å leggja inn mest mogleg teologi også der. I 2011 fullførte ho med oppgåva *Du og jeg. Hvordan barn er forbilde for voksnes gudstro*. Etter kvart vart ho godkjent som prest, og den tenesta har ho hatt i ei rekkje sokn i landet, fyrst og lengst i Telemark. – Seks år arbeidde eg der. Det var herlege år, og hadde det ikkje vore for økonomiske nedskjeringar og stillingstørke, hadde eg ikkje reist derifrå. Men siste stillinga mi var eit vikariat, så eg måtte sjå meg vidare omkring. I Stavanger trong dei ein sokneprest, og det vart meg.

### Mannen

- Gud hadde tydeleg ei hand med i livet mitt, også den gongen, seier Anette-Emilie. Ho kunne godt tenkt seg ein kjæraste, men merka at yrket hennar skremte mange kandidatar vekk. Å vera kvinneleg prest er ikkje det beste sjukke-trikset, merka ho, og det var grenser for kor lenge ho kunne halda levebrødet sitt hemmeleg. Å lyga seg til ein meir tiltalende tittel, var heller inga god løysing for ein prest.

Ho hadde eigentleg gitt opp date-livet, men ein kompis hadde ein pep-talk der han bad ho gje det ein siste sjanse. - Det gjorde eg, og då dukka kjekkasen opp. Svigerfar Jostein har ein kortversjon av historia vår:



Natanael Emils dåp, januar 2024. Far ber barnet, mor døyper.  
Foto: Privat

Eit tastetrykk – ein telefonsamtale -ein bensinstasjon – og ei kyrkje.

I utfylt versjon høyrst det slik ut: Dei møttest på nettet. Raskt gjekk dei over til munnlege samtalar og avtalte å møtast på midten, reint geografisk. Oddvar budde på Samnøy, Anette-Emilie i Stavanger, så midten vart Aksdal i Tysvær kommune. Der er det ei rundkøy-ring og ein bensinstasjon. På sistnemnde møttest dei ein søndags formiddag klokka 11, og medan dei stod der og såg på kvarandre, ringde kyrkjeklokkene like ved og kalla på dei. Ja, kvifor ikkje? Slik gjekk det til at paret hadde sin fyrste date i Aksdal kyrkje. Dei vart ikkje vigde på sparket, men sidan den dagen har dei – med eit par unntak – snakka saman kvar bidige dag.

Paret har ikkje heilt likt minne om kva tid Anette-Emilie våga å røpa det skremmande yrket sitt for Oddvar. Var det mens dei enno berre snaktest på telefonen, eller ville ho ha han handfast føre seg fyrst? I alle tilfelle kjenner han til levebrødet hennar no, og enno har han ikkje rømt.

- Det klaffa på så mange måtar mellom oss, seier Anette-Emilie. - Også Oddvar er allsidig og har eit hav av utdanning. Dermed vart også min varierte bakgrunn berre eit pluss, inkludert presterolla. Ganske tidleg sette Oddvar kroken langt inne i hjarta mitt, og sidan har han hengt der.

Anette-Emilie flytta til Samnøy og kontakta Bjørgvin bispedøme for å høyra om ho kunne gjera teneste der. Det kunne ho: fyrst i Fana, deretter i Os, og no i Fusa.



*Ein hyrde skal vandra saman  
med flokken sin*

### Soknet

Fusa sokn har enno ikkje hatt ein innfødd sokneprest, men nærare enn dette har me aldri vore: Ektemannen til Anette-Emilie, den tidlegare nemnde Oddvar, er nemleg ein Gangstø, fødd og oppvaksen på indre Samnøy. Like etter at dei gifta seg, overtok dei Tønnegarden der, og no bur dei der saman med sonen Natanael Emiil på halvtanna år.

Anette-Emilie fortel korleis det har vore å koma til gards. – Det er fantastisk mykje som er bygd opp og gjort her på Tønnegarden av slekta. Dei har eit sterk forvaltningsansvar der ønsket deira er at garden kan vera til velsigning for bygda og Guds rike. Eg er imponert over det dei får til.





Det er med ærbødighet ho har flytta inn, ikkje berre på garden, men også i bygda og heile soknet.

- Folk har tatt imot meg, og eg har fått gleda av å treffa mange flotte sambygdingar som prest, og det siste året også som småbarnsmor. Me prestar møter bygda både i livets start, som til dømes i dåpen, og ved livets slutt, når me står og tar farvel ved grava. Her møter me livets essens. Og nettopp då går kanskje tankane våre til Gud og til dei store spørsmål.

- Ei glede for meg som prest er då å få bringa fram den gode budskapet om den kjærlege og nådige Gud og den trufaste Jesus som vil gå med oss gjennom livet, på en trygg måte. For kallet som 6-åring, den brannen i hjarta om at alle må få bli kjent med Jesus og Gud vår himmelske Far, er framleis der i hjarta mitt. Og no, med 49 års erfaring gjennom livets somrar og vintrar med Jesus som frelsar og Herre, er budskapet berre blitt forsterka. Gud har vist seg trufast, og Jesus går verkeleg med oss, gjennom alt som skjer. Det namnet Jesus fekk som nyfødt, som vår Messias, var «Immanuel» som betyr Gud er med oss, eller med oss er Gud. Å oppdaga dette i adventstida er livsforvandlande. For jula innehar alle kontrastar, dei store gleder og også dei store sorger, Å feira jul med eit nyfødt barn kan bringa stor glede, men å feira første jul etter å ha mista sin kjæraste, er krevjande på så mange vis. Å vita at Jesus ønsker å gå med oss alle slags dagar, også denne jula,

”

*Det namnet Jesus fekk som nyfødt, som vår Messias, var «Immanuel» som betyr «Gud er med oss».*

gjev oss håp, eit lys i mørke netter.

- Eg er den einaste presten her i Fusa, men rundt meg har eg ein kjempegod stab og ein livleg Frivilligsentral. Kollegaane mine er engasjerte, dyktige og stiller opp for kvarandre. I botnen av alt dei gjer, ligg ei inderleg omsorg for folk, for bygdene.

Samarbeid med både einskildpersonar og institusjonar utanom kyrkja er vesentleg. Anette-Emilie trekkjer her fram sorggruppene som Fusa bu- og behandlingssenter og soknet starta i fjor. Her vert det lagt til rettes for å møtast og å snakka om sorg, ikkje berre like etter at ein har mista nokon, men når det måtte trengast, om så mange år etter tapet. Av og til kjem sorga over ein lenge etter at ein mista nokon. Også då er ein velkomen i gruppa. Mange tankar og reaksjonar kan me kjennar oss igjen i hos kvarandre, og mykje er heilt personleg og unikt for den enkelte. Uansett kan det vera verdifullt å dela og sleppa å vera åleine med det tunge.

Anette-Emilie slutta ikkje med å tenkja og handla som ein diakon, sjølv om ho blei prest i etterkant. Å vera nær nokon som lir, er godt, meiner ho, så underleg det enn kan høyrast. - Ein av dei tinga eg synest er kjekt og gjevande å arbeida med, er gravferder. Det er rikt å koma nær menneske, heilt inn på det eksistensielle, og bringa med håp, trøyst og hjelp frå Gud og medmenneske.

Diakoni vert ofte knytt nettopp til livets siste dagar, til sjukdom og død, men mellommenneskelege omsorg, håp og fellesskap trengst i alle livsfasar, og iveren etter å vera saman med også barn og unge lyser ut av vår nye sokneprest. – Her vil eg me skal leggja inn giret, strålar ho mens sonen putlar rundt stolen hennar og klimprar



Foto: Mercy ship 2004.

på ein gitar som står stilt opp ved veggen. – Det kjem jo også ganske naturleg, no når me har Natanael. No kjem eg nær bygda og folk også som mamma, ikkje berre som prest.

Ein ting som både soknepresten og staben ønsker at bygda gjev tilbakemelding på, er kva folk vil at kyrkja skal vera for dei, for lokalmiljøet og bygda; kva dei ynskjer skal skje i og rundt kyrkja, utover det om allereie er på programmet. – Er det noko folk saknar, behov me kan hjelpa til med, men som me til no ikkje har fått med oss?

Alle innspel og idéar er velkomne! Kontaktinformasjon til Anette-Emilie finn du på side 2 her i bladet.

”

*Er det noko folk saknar, behov me kan hjelpa til med, men som me til no ikkje har fått med oss?*

### Upp gledjest alle, gledjest nu

Det er adventstid, det beste med heile jula, tykkjer Anette-Emilie. Ho elsker å førebu høgtida og snakka med barnehage- og skulebarn om Jesu fødsel, då Gud vart menneske. Denne frydefulle tida fører også tankane inn på ein vakker, barokk julesalme som ho for alvor lærte korleis skulle framførast den tida ho budde i Telemark: *Upp gledjest alle, gledjest nu*. Stjerne-framføraren er Odd Nordstoga, med eller utan Sissel Kyrkjebø, og telemarkingar flest er fortruleg med tonen. – Men folk utanom den landsdelen slit, seier Anette-Emilie og ler. – Det er noko med rytmen. Eg har prøvd i fleire sokn, utan særleg hell.

Vonleg har ho ikkje gjeve opp håpet, men prøver minst ein gong til. Kanskje lman og kyrkjegjengarane i Fusa greier å koma inn i takten?

### Upp, gledjest alle, gledjest no

Upp, gledjest alle, gledjest no  
Med Fagnad, Fred og heilag Ro  
I Herren, dykkar Gleda  
For Jesus han er no so nær  
Og vil, daa han oss heve kjær,  
Uti vårt Kjøt seg klæda,  
Uti vårt Kjøt seg klæda

Burt Sorg og Saknad or vårt Sinn!  
Guds Gleda lata ma no inn,  
At me kann Jesus fagna  
Men Bøn og Hjartans Takk og Tru.  
Med honom skal i Fred me bu,  
Og Gleda aldrig tagna,  
Og Gleda aldrig tagna.

Gud, lat din Fred, som høgere er,  
Enn Hug og Vit kann fatta her,  
Vaart Hjarta vel få vara  
I Kristus Jesus, at me maa  
So stor ei Jolegda faa,  
Som aldrig burt maa fara,  
Som aldrig maa fara —

*Tekst: Thomas Kingo 1689  
Omsetjing: Elias Blix 1890  
Melodi: J. Chr. Fr. Hæffner 1820*

Med denne gledesbodskapen endar Kyrkjebladet sitt fyrste intervju med Anette-Emilie Gangstø, vår nye hyrde og medvandrar.



*1.september i Fusa kyrkje vart Anette-Emilie Gangstø innsett som sokneprest i Fusa sokn. Ho vart velsinga av prosten i Fana prosti Kristin Sævik Litlere og førre sokneprest i Fusa Einar Ekerhovd.*

*Foto: Os og Fusa-posten*





# Kikedalsbonden

Tekst og foto: Morten Holmefjord

**Kikedalsbonden er forteljinga om den siste bonden i Kikedalen. Bonden som inviterer Os-presten på besøk. Då han dreg på gjenbesøk på Os året etter, tar han med seg pessten heim og inn over dørstokken. Året er 1349 og Svartedauen herjar i Europa. Sidan den gongen skal det ikkje budd folk i Kikedalen. Tuftene er synlege den dag i dag.**

I versjonen skriven av skodespelar og teatersjef Inggjald Haaland, høyrer ein om korleis Kikedalsbonden leksar opp om alt han eig, og kva bragder han har vore med på. Akkurat kva teatersjefen har tillete seg av kunstnerisk fridom og kva han hadde frå ein livleg forteljartradisjon, er usikkert. Men teke ut av lufta er det ikkje. Myta har fleire kjelder.

Det er dette historiske stoffet som har fascinert oss – og som me gjerne vil laga ei framsyning av. Kall det gjerne eit historisk spel: utandørs, med skodespelarar, musikk og lyssetting. Av både praktiske og andre krav til eit slikt arrangement let det seg ikkje arrangera i sjølve Kikedalen. Me har valt kyrkjebakken framfor Holdhus kyrkje som arena. I 2026 er det 300 år sidan Holdhus kyrkje vart ombygd. Kjelder fortel at stavkyrkja stod på same staden alt før år 1306. Det er ikkje å ta munnen for full om ein hevdar at det er eit slags historisk sus over staden.

Sidan Aksel H. Holdhus fekk ideen om eit utandørs dramatisk stykke, har styret i «Hålandsdalspelet» lagt ned ein god del førebunde arbeid. I tillegg er det undersøkt kva som har vore gjort ved liknande spel.

Dette gjeld både fagleg, praktisk og økonomisk. Fleire profesjonelle aktørar har vist si interesse, og to av desse har me per i dag eit konkret samarbeid med: forfattar Eirik Ingebrigtsen er engasjert på tekstsida, medan komponisten Glenn Erik Haugland vil stå for musikken. Sjølvsaugt er begge osingar. Akkurat det er no litt vittig. Men viktigast av alt er at me har flinke folk med oss på laget.

I år er det fem år sidan kommunesamanslåinga. Det har det vore både positive og negative ting ved, alt etter kva det gjeld. Men Fusafjorden ligg no der med ei ferje som tråklar seg att og fram. Om ferja går, eller om ein snakkar som om ho ikkje finst – så er det eit skilje der. Det er berre å sjå ut glaset for dei som tvilar.

Fusingane kan når dei vil. Tenk berre på Fusabrølet der fusingane for første gong var einige om noko. Den som var der, gløymmer det ikkje.

Det var helse og politikk. Denne gongen gjeld det kultur og historikk. Menneske er svoltne på nye opplevingar. Me trur difor at eit slikt nytt og stort arrangement vil skapa både interesse og engasjement i tida framover.

*Ingenting kjem av seg sjølv. Spesielt ikkje når framtidsutsiktene på fleire felt er mindre gode. Det er gjerne i slike tider ein ser over kva ein faktisk har. Den som leitar kan få seg ei overrasking – over at det er noko som heiter vår historie, vår kulturarv og våre røter. Dette er like reelt som familie, vener, arbeid og verdiskaping elles. Som femnar vidt og dreg linjer bakover. Det er dette stoffet me no vil få fram og utvinna frå historiens mørkre og skal bli til ei framsyning.*

*Den som kjenner si fortid er aldri fattig.  
Og har det i tillegg ofte mykje artigare.*







# Barnas



## Fargelegg!

Teikning:  
Chiara Bertelli



## Finn 10 gutenamn

Leit bortover og nedover. Finn du alle?

K	E	Y	J	E	S	U	S	J	N
A	K	S	E	L	T	S	S	O	I
E	S	P	E	N	H	A	T	H	S
R	M	O	R	T	E	N	K	A	A
L	J	Y	M	T	O	D	D	N	K
I	F	V	C	T	D	E	W	N	A
N	K	S	K	K	O	R	K	E	F
G	R	H	U	J	R	Q	A	S	M
O	U	X	J	P	J	W	P	I	E
F	D	Z	T	H	O	R	O	T	A

Gje barnebladet  
Barnas til eit barn  
du er glad i!


Desse oppgåvene er  
henta frå bladet.

Bestill abonnement  
på [sondagsskolen.no](http://sondagsskolen.no)  
eller 22 03 71 00



Kva  
høne har  
ikkje fjør?  
Svar:  
Marihøna

### Vits



## Finn fem feil

Her fortel Gabriel Maria at ho skal bli mammaen til Jesus. Dei to bileta er nesten heilt like, men kan du finne dei fem feila på biletet til høgre?



## Labyrint

Kan du hjelpe Maria å  
finne vegen til Elisabet?

Teikning: Chiara Bertelli



# Kva type grav *skal eg velje?*

Gravlegging med kistegrav har lang tradisjon og vert framleis mykje brukt. Gravlegging ved kremasjon og urne har vorte meir og meir vanleg dei siste tiåra. I Os-sida av kommunen har dette vorte den vanlegaste måten å gravleggja sine på. òg på Fusa-sida er det ei auke i andelen som vel urne, men her vel framleis flesteparten tradisjonelle gravleggingar med kiste.

Gjennom fleire år har ein utvikla og lagt til rette for ulike typar graver og gravminne, og i denne faldaren presenterar vi dei ulike typane du kan velje mellom.



**DEN NORSKE KYRKJA**  
Bjørnafjorden kyrkjelege fellesråd





## Festegrav og frigrav

Når ein vert tildelt ei ny grav er dette ei frigrav; det vil seie utan betalingsplikt. Når fredningstida på 20 år har gått ut, kan ein feste grava vidare mot betaling og dette vert då ei festegrav.

Ein teiknar då avtale for 5 år i gongen. Det er festaren (ein enkeltperson) som bestemmer kven som skal gravleggjast i grava.

## Namna minnelund

Namna minnelund er etablert to stader på Kuventræ gravplass og på Nore Neset kyrkjegard. Ein håpar òg å ha dette tilbodet på plass på Fusa-sida om ikkje for lang tid.

Namna minnelund er eit felles minnesmerke for dei urnene som er sett ned ved gravminnet. Kvar urne har eit gravert skilt der det er sett inn namn og datoar knytt til den avlidne, som vert festa på eit felles steinmonument. Fleire ser det og som tenleg å ha ei grav å gå til, men kan avgrense det til å ta med blomar eller tenne eit ljøs når det høver å vitje grava.



## Urne i kistegrav

Har du feste på (og dermed ansvar for) ei kistegrav, kan du òg velje å nytte denne grava til urne-nedsetting. Du kan normalt sette ned fleire urner i éi kistegrav, utan omsyn til fredningstid på dei allereie nedsette urnene.

Merk at dersom du fyrst har sett ned urner i ei kistegrav, kan du ikkje sette ned kiste i den same grava før fredningstida på siste nedsette urne er gått ut; det vil seie 20 år.





## Urnegrav

Urnegravene er normalt plassert i eiga felt og gravene er mindre i storleik enn kistegraver.

Det kan setjast ned inntil 4 urner i ein vanleg urnegrav.

*Foto: Urnefelt på Fusa gravplass vest.*



## Urnegrav på mur (Kuventræ gravplass)

På Kuventræ gravplass er det lagt til rette for urnegraver ved nokre av murane på gravplassen. I staden for tradisjonelt gravminne, vert grava merka med eit skilt med namn og fødsels- og dødsdatoar omkring den avlidne. Ein kan plassere blomar på grava som vist på biletet. Elles treng denne typen grav lite stell.

For dei som ynskjer ein individuell grav å gå til utan å ha ansvar for stell, kan dette vera ei tenleg løysing.

## Urnegrav med førehands-utsett gravminne

På Kuventræ gravplass er det sett ut gravminne på eit urnefelt. Namn på avlidne vert gravert på eit skilt og sett opp samstundes som urna vert sett ned. Pårørande får med dette ei ferdig grav med gravminne alt frå urnenedsetting. I desse gravene kan det setjast ned inntil 4 urner som kvar får sitt namneskilt. Festar/gravansvarleg betaler leige for dette gravminnet etter satsar fastsett av kommunen.



For nokon er geografisk plassering det viktigaste når dei vel minne- og kvilestad for sine kjære. For andre er det kanskje kva type gravminne ein ynskjer som er avgjerande. Her får du ein oversikt over kva for gravtilbod som finst på dei ulike kyrkjegardane og gravplassane i Bjørnafjorden kommune.

## Oversyn over ulike gravtypar på gravplassane i Bjørnafjorden

GRAVPLASS	KISTEGRAVER		URNEGRAVER			
	Kistegrav	Ny dobbelgrav	Urnegrav	Urnegrav på mur	Urnegrav med leigd gravminne	Namna minnelund
Os kyrkjegard			X			
Nore Neset kyrkjegard	X	X	X			X
Kuventræ gravplass	X	X	X	X	X	X
Fusa gravplass aust	X	X				
Fusa gravplass vest	X	X	X			
Strandvik kyrkjegard	X	X				
Åkre gravplass	X	X	X			
Hålandsdalen kyrkjegard	X	X	X			
Nordtveit gravplass			X			
Hjartnes gravplass	X	X	X			
Sævareid kyrkjegard	X	X	X			
Baldersheim gravplass	X	X	X			

Den som syter for gravferd til avlidne i Bjørnafjorden, kan velje kva gravplass som skal nyttast. Har ein ei festegrav vil mange primært nytte slike, men ein kan og velje ei ny grav om ein ønskjer det.

### Gravplass-heftet og gravplass-satsar

Heftet «Kva type grav skal eg velje?» som er trykt på side 10-13 her i bladet, vil bli tilgjengeleg på kyrkjekontora, hos kommunen og i gravferdsbyrå. Det inneheld ikkje opplysningar om prisar for dei ulike gravplass-alternativa, sidan satsane vert regulerte kvart år som del av kommunens budsjett. Kva satsar som gjeld, finn du til ei kvar tid på kommunens nettside [bjornafjorden.kommune.no](http://bjornafjorden.kommune.no) under avsnittet Faktura, kommunale avgifter, gebyr og prisar.



Din leverandør av takkonstruksjoner og precut

**L. HJERTNES AS**



Hjartnes 30 - 5646 Nordtveitgrend  
Tlf.: 96 92 46 50  
post@lhjertnes.no  
www.lhjertnes.no



**P. H. Haugen**  
**Landhandel - Sævareid**  
**tlf. 56583110**

e-post:  
narbutikken.severeid@narbutikken.no



**Fusa**  
**Ferdigbetong as**

5640 Eikelandssøsen

Betongpumping - ferdigbetong  
sand - singel - grus  
transport - maskinarbeid  
betongprodukter m.m.

**Tlf. 56 58 13 10**

Mobil 913 65 482 / 951 87 421  
E-post: post@fusabetong.no

**ah** MALERMESTER  
**ALF HJELLE & SØNN AS**

Utfører alt i maler- og golvbeleggarbeid

Butikk i Fjord'n Senter

**FARGERIKE**  
**HJELLE**

Åpningstider: Kvardagar kl. 10.00 – 18.00  
Laurdag kl. 10.00 – 16.00

Tlf. 56 58 15 25 eller 915 46 880  
E-post: firmapost@alfhjelle.no

**SPAR**



**Fusa**

Man-fre 07-21

Lørdag 09-20

**Tlf. 56582133**  
spar.fusa@spar.no

**Velkommen til hyggelig  
handel hos Spar Fusa!**

VARMEPUMPER, JERNVARER, HVITEVARER, BRUNEVARER,  
BILUTSTYR, BÅTUTSTYR OG FISKEUTSTYR

Tlf 5658 1386 - Fax 5658 1656 - Mob 9054 4766  
**BERGE ELEKTRONIKK**

Opningstider: **Man-Fre 10-17, Tors 10-18 og Lør 10-15**



**Eide**

**FUSA AUTO A/S**  
**BILVERKSTAD**



**Fusa Auto AS**

Opsalneset 20, 5641 Fusa  
Tlf. 56 58 22 86

Opningstid: mån-fre 07:30-16:00



www.meca.no

**M E C A**

**STRANDVIK**  
Transport og Maskin AS

# 5643 STRANDVIK □ strandvik.no ■ dulten@online.no  
☎ 56 58 21 11 □ 918 44 000 □ 900 12 126 □ 918 18 592

**Norheimsund**  
TRYKKERI AS

Tlf. 45 85 32 46  
post@nhstrykk.no

Steinsdalsvegen 187 A  
5600 Norheimsund

*Grafisk design og trykkeri*

**BYGGADMINISTRASJON**  
**Harald Bjørndal a.s**

PROSJEKTADMINISTRASJON - TAKSERING - KVALITETSUTVIKLING - OPPLERING

Tlf. kontor: 56 58 11 30  
Tlf. privat: 56 58 51 19  
Telefax: 56 58 11 99  
Mobil: 970 63 526  
E-mail: [post@byggadmin.no](mailto:post@byggadmin.no)

Postboks 103  
5649 EIKELANDSØSEN





# BUNNPRIS

Eikelandsosen

Man - fredag 8-21

Laurdag 9-20

Tlf. 56581245

bpeiklandsosen@bunnpris.no



## Tombre

www.tombre.no

REISENE BESTILLER  
VI HOS:

## TRAVELNET

### OS REISEBYRÅ AS

2. etg. Flåten Amfi - kotoravdelingen

Tlf.: 56 30 43 00

e-post: os@travelnet.no

www.verden.no

Følg oss på Facebook

## SPAR

Eikelandsosen

Opningstid 8-21

Laurdagar 9-20

Tlf. 56 58 00 90

## SparebankenVest

avd. Fusa

Tlf. 915 05555

Din lokale bank med  
forsikring, lån,  
sparing og plassering.

## VI ER HER

www.spv.no



## Tønnegarden

HANDVERKTRADISJONAR  
FRÅ BJØRNAFJORDEN

Samnøyvegen 60 - 5642 Holmefjord - Tlf. 91 99 30 40  
post@tonnegarden.no - www.tonnegarden.no

PÅ TØNNEGARDEN KAN DU:

- sjå handverkarar i arbeid
- oppleve kultur og historiefremming på nært hald
- bestille selskapslokale, kurs og møtelokale

Følg oss på facebook og instagram.

*Fusa og Samnanger*  
GRAVFERDSBYRÅ  
OMSORG VED LIVETS SLUTT  
DØGNÅPEN TELEFON  
56 58 15 09  
SE MINNESIDER PÅ FS-BYRAA.NO  
BESTILL BLOMSTER/FRAKTFRITT TIL VÅRE SEREMONIER  
VIA MINNESIDENE, PÅ HILDESBLOMSTER.NO  
ELLER VIA TELEFON 55 19 72 05

## Hordaland A/S Rørteknikk

56 58 09 90 hordalandrorteknikk.no

post@hrt.as Holsundvegen 285  
5642 Holmefjord

Din VVS, VA, Vannkraft og Havbruk  
leverandør.

Godkjent lærebedrift i rørleggerfaget.

Besøk vår heimeside  
www.fusa-kraftlag.no

Din lokale kraftleverandør

## Strøyma

Fusa kraftlag

5640 EIKELANDSOSEN  
Tlf. 56 58 00 20

## Malerfirma

### Kenneth Samnøen

5640 Eikelandsosen

Alt innen malerarbeid og tapetsering

Tlf. 90 80 15 38

## HERBALIFE ERNÆRING

Selvstendig Herbalife Medlem

Med produkter for:

- vektkontroll
- vitalitet og overskudd
- kosttilskudd for trening og idrett
- hud- og kroppspleie
- inn- og utvendig ernæring

TA VARE PÅ HELSA DI!  
Spør etter gratis prøvepakke,  
uten forpliktelser.

Ring: 924 94 169

SIGNE GANGSTØ

E-post: famgang@fusi.no

https://signeg.goherbalife.com/nn-no

## DE Rørleggerservice

5645 Sævareid

Mobil: 915 87 002

E-post: deror@online.no

Sentralgodkjent rørleggerfirma



# Konserten Håpets Stjerne

Konserten er et samarbeid mellom musike-  
re og bistandsorganisasjonen Star of Hope  
Norge. Denne kvelden vil man få høre både  
kjente og kjære julesanger samt nye og spen-  
nende sanger og arrangementer. Konserten  
vil spenne bredt i sjanger og passe for folk i  
ulike aldre. Sangerne Ingrid Grøvan og Arne  
Pareli har sin sangutdannelse fra Griegaka-  
demiet i Bergen og har lang tradisjon med  
å holde julekonserter. De siste årene har de  
gitt konserter sammen. Selv om begge har  
klassisk sangutdannelse, synger de også an-  
dre sjangre som pop, gospel, jazz ++ - noe  
publikum også vil få oppleve denne kvelden.

Ingrid Grøvan bor på Sørlandet og jobber  
som frilanssanger og sangpedagog. Arne Pa-  
reli har tilholdssted i Bergensområdet hvor  
han både jobber frilans, er ansatt i begravel-  
sesbyrå og studerer nordisk.

Med seg har de pianist og organist i Lodde-  
fjord kirke, Arnt Thyve. Han er opprinnelig  
fra Oppdal, men har bodd mange år i Bergen.  
Han har lang fartstid som pianist og orga-  
nist for ulike artister, sangere og kor. An-  
dreas Oltedal er med på cello og perkusjon.  
Til daglig er han musikk lærer på Kongshaug  
Musikkgymnas, og som freelancer har han  
tidligere spilt med artister som Ole Børud,  
Samuel Ljungbladh, Emma Steinbakken, The  
Main Level og Tooji.

Ragnar Løsnesløyken, som er leder for Star  
of Hope Norge, vil i tillegg til å informere om  
organisasjonen også spille bass. Han har un-  
dervist i musikk og vært utøvende musiker i  
mange år. Han er bosatt på Fåvang i Gudbrandsdalen hvor han sammen med familien leder arbeidet i Star of Hope  
Norge, en kristen bistand -og utviklingsorganisasjon som arbeider i 12 land. Fokusområder er utdanning, mat, rent  
vann og arbeid rettet mot barn med nedsatte funksjonsevner. Målet med konserten er å løfte frem håpet i julens  
budskap gjennom vakker musikk samt å bidra til å gi andre mennesker håp gjennom Star of Hope`s arbeid.

Billetter koster kr. 250,-. I tillegg kommer avgift på kr. 20,-. Barn under 12 år kommer inn gratis.

*Julekonserten*  
*Håpets stjerne*

Arnt Thyve    Andreas Oltedal    Ingrid Grøvan    Arne Pareli    Ragnar Løsnesløyken

* Lyngdal bedehus	29. nov. kl. 19:30	Bygglutunet, Bømlo	4. des. kl. 19:00
Kvinesdal bedehus	30. nov. kl. 19:00	Mjøsionskyrkja, Lindås	5. des. kl. 19:00
Ålgård bedehus	1. des. kl. 18:00	Eikelandsosen bedehus	6. des. kl. 19:00
Lodddefjord kirke	3. des. kl. 19:00	Logoskirken, Nesttun	8. des. kl. 18:00

Billetter kr. 250,-. Barn under 12 år gratis.  
Billetter kan også kjøpes på [www.ticketco.no](http://www.ticketco.no) til kr. 250,- + avgift.

star of hope    TicketCo



Fusa kyrkje. Foto: Fusa sokn/kirken.no

## “Nine lessons and carols” i Fusa kyrkje søndag 22. desember kl. 16.30

“A festival of nine lessons and carols” eller på norsk “ei høgtid med ni skriftlesingar og  
julesongar” er den engelske forma for julaftangudstenesta som også har vorte populær  
andre stadar i verda. Særleg kjent er den årvisse sendinga i både engelsk radio og tv frå  
King’s College i Cambridge. Her står folk timesvis i kø for å oppleve dette «live».  
Tekstane spenner frå syndefallet i I. Mosebok via lovnadane hjå profetane til Jesu fødsel  
slik me les det i Johannesevangeliet. Mellom lesingane vert det både korsong av «Sine  
Nomine» og allsong av advents- og julesalmar. Gratis ingang, kollekt.





# Julefest!

Velkommen til julefest på Eikelandsosen bedehus fredag 27. desember kl. 18.00. Det blir tale og song, god mat, jule-tregong og godtpose til barna.

Arr: Festkomiteen



**Familiemix**  
for heile soknet  
**søndag 15. desember**  
**kl. 11.00** på Eikelandsosen  
bedehus m/julefokus og  
Song av Fjord`n barnekor.  
Velkommen til heile  
storfamilien!



## Julekonsertar

Strandvøik kyrkje  
fredag 13. desember  
kl. 19.00.

Holmefjord Musikklag  
skipar til julekonsert  
med lokale krefter.

Hålandsdalen kyrkje  
søndag 15. desember  
kl. 19.00.

Eikelandsfjorden Musikklag  
skipar til julekonsert med  
lokale krefter.

Gratis inngang, kollekt.



Strandvøik kyrkje. Foto: Iman de Zwarte.





## Frå Kyrkjebøkene



### Dåp

#### Fusa kyrkje

01.09.2024 Kristian Tombre  
29.09.2024 Magnus Tveit Håvik  
29.09.2024 Dina Kristiana Agathe Halleland Eide  
29.09.2024 Victoria Bråten Tveit

#### Strandvik kyrkje

06.10.2024 Frida Daltveit Osebakken  
06.10.2024 Josephine Garvik Soltvedt



### Gravferd

#### Fusa kyrkje

05.09.2024 Sigrud Lothe Vinsjansen, f. 30.03.1947  
17.09.2024 Signe Gjerdevik, f. 19.03.1938  
24.10.2024 Gunvald Gjerdevik, f. 07.02.1942

#### Sundvor kyrkje

13.09.2024 Bjarne Austefjord, f. 15.03.1930  
13.09.2024 Målfrid Ljones, f. 14.09.1947



### Vigde

#### Hålandsdal kyrkje

28.09.2024 Mareike Mannigel og Didrik Aksel Stien  
05.10.2024 Frida Husøy og Runar Løvfall

#### Strandvik kyrkje

12.10.2024 Henriette Tverli Dale og  
Preben Aarland Aga

## Romjulsjazz

### Sandven Jazz Kompani (tidlegare Nes Trad(jazz)band )

#### Romjulsjazz i Hålandsdalen kyrkje

måndag 30.desember kl.19.00



Geirmund Sandven - trombone, ventilbasun  
Jan Kåre Hystad - klarinett og saxar  
Helge Haukås - kornett, flygelhorn og vokal  
Roald Gilje - tuba  
Ben Milencovic - banjo og gitar  
Rolf Seldal - trommer

- og spesielt til romjulskonserten  
Anne Cathrine Eiken - gjestevokalist

Billettpris: kr 350,-

Kjøp ved døra eller gjennom førehandssal  
hos Olaug Bjørndal, tlf. 482 61 757  
Ring eller send melding, og betal med Vipps.



Arr.: Fusa sokn og Bygdeutvalet i Hålandsdalen.

Dette er ei gruppe som oppstod i Kvam i 2017, då fleire av musikarane heldt til der. Bandet har til no vore mest aktiv i Hardanger med mellom anna Den tradisjonelle Julajazzen på Sandven/ Thon Hotel og konsertar på Trebåtfestivalen.

Med utgangspunkt i New Orleans -tradisjonen søker bandet heile tida å finne spanande låtar og eit eige uttrykk utan å miste fotfestet i tradjazzen. Derfor har også namnet deira endra seg frå 'Trad Jazz' til 'Jazz Kompani' for å famne noko breiare enn eit reint tradjazz-uttrykk.

## Os Gravferdsbyrå as

Døgntelefon  
56 57 49 50  
Jorunn Moberg  
Agnethe Øvreide

Vi utfører alt det praktiske, eller legg til rette for pårørende som ønskjer å gjera noko sjølve. Ope etter avtale. Brugata 50, Os.

[www.osgravferdsbyraa.no](http://www.osgravferdsbyraa.no)

## Gravminne

Treng De hjelp til oppretting, sikring, reingjering og fornying av skrift på gravminne samt planting?

Me tilbyr også sal av nye gravminne med tilbehør (Eiker naturstein)

Har lang erfaring og gjer førehandspris

Ring 406 11 817

Leivmagnar.fosse@gmail.com



L.M Fosse

Prosjektering  
Rehabilitering  
Nybygg

TA KONTAKT MED

BYGGMESTER



SVENN C. STORUM

951 56 327 [storum@fusi.no](mailto:storum@fusi.no)



# Gudstenester i Fusa sokn

24.11.2024 – 06.04.2025

Dato	Kl.	Stad	Gudstenesteform	Kyrkjeåret
24.11.	11:00	Strandvik kyrkje	Gudsteneste	Kristi Kongedag
24.11.	16:30	Sævareid kapell	Gudsteneste	Kristi Kongedag
01.12.	11:00	Hålandsdal kyrkje	Gudsteneste	Første søndag i advent
08.12.	11:00	Sundvor kyrkje	Gudsteneste	Andre søndag i advent
15.12.	11:00	Eikelandsosen bedehus	Familiemix	Tredje søndag i advent
22.12.	16:30	Fusa kyrkje	Nine Lessons and Carols	Fjerde søndag i advent
24.12.	11:00	Fusa bu- og beh. senter	Gudsteneste	Julaftan
24.12.	14:00	Sundvor kyrkje	Gudsteneste	Julaftan
24.12.	14:00	Strandvik kyrkje	Gudsteneste	Julaftan
24.12.	15:00	Bygdaheimen Holmefjord	Gudsteneste	Julaftan
24.12.	16:00	Sævareid kapell	Gudsteneste	Julaftan
24.12.	16:00	Hålandsdal kyrkje	Gudsteneste	Julaftan
25.12.	11:00	Fusa kyrkje	Høgtidsgudsteneste	Juledag
31.12.	18:00	Fusa kyrkje	Gudsteneste	Nyttårsafta
01.01.	11:00	Hålandsdal kyrkje	Gudsteneste	Nyttårsdag
05.01.	11:00	Eikelandsosen bedehus	Juletreffest-familiemix	Kristi openberringsdag
12.01.	11:00	Fusa kyrkje	Gudsteneste	2. sønd. i openberringstida
12.01.	16:30	Sævareid kapell	Gudsteneste	2. sønd. i openberringstida
19.01.	11:00	Sundvor kyrkje	Gudsteneste	3. sønd. i openberringstida
26.01.	11:00	Strandvik kyrkje	Lekmannsgudsteneste	4. sønd. i openberringstida
26.01.	16:30	Hålandsdal kyrkje	Lekmannsgudsteneste	4. sønd. i openberringstida
02.02.	11:00	Eikelandsosen bedehus	Familiemix	5. sønd. i openberringstida
09.02.	11:00	Fusa kyrkje	Gudsteneste	6. sønd. i openberringstida
16.02.	11:00	Sundvor kyrkje	Gudsteneste	Såmannssøndag
23.02.	11:00	Fusa kyrkje	Gudsteneste	Kristi Forklaringsdag
02.03.	11:00	Eikelandsosen bedehus	Familiemix	Fastelavnssøndag
09.03.	11:00	Hålandsdal kyrkje	Gudsteneste	Første søndag i fastetida
16.03.	11:00	Fusa kyrkje	Gudsteneste	Andre søndag i fastetida
23.03.	11:00	Strandvik kyrkje	Gudsteneste	Maria bodskapsdag
23.03.	16:30	Sævareid kapell	Gudsteneste	Maria bodskapsdag
30.03.	11:00	Fusa kyrkje	Gudsteneste	Tredje søndag i fastetida
06.04.	11:00	Hålandsdal kyrkje	Gudsteneste	Fjerde søndag i fastetida

*Det kan kome endringar i gudstenestelista.*





# Informasjon

Avsendar:  
Fusa kyrkjeblad  
Postboks 73  
5649 Eikelandsosen

S  
i  
d  
a  
n  
s  
i  
s  
t

## Konfirmantleir på Raknestunet

13. -15. september

Fotograf: Anette-Emilie Gangstø



**4-åringar får bibel** på familiegudstenesta i Hålandsdalen kyrkje 22.september.

Foto: Fusa sokn.



Ein fin gjeng i **friluftsklubben Noah** på tur på Vinnes i haust. Foto: Fusa sokn.

